

FORSKRIFT EIGEDOMSSKATT 2026 I KVAM HERAD

Heimel: Vedteken av Kvam heradsstyre 11. desember 2025 med heimel i Lov av 6. juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane §2 (heretter omtala som «Eskl»)

For eigedomsskatteåret 2026 gjeld fylgjande:

§ 1. Eigedomsskatt vert skriven ut på alle faste eigedomar i Kvam herad, jfr. Eskl. §3 bokstav a.

§ 2. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille, jfr. Eskl. §10 og §11 første ledd. I medhald av Eskl. §12, bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustadeigedomar og fritidseigedomar sett til 4 promille.

§ 3. Eigedomsskattegrunnlaget vert fastsett i medhald av Eskl §§ 8A-2 flg., med unntak av §8C-1.

§ 4. Det vert gjeve kr. 350 000,- i botnfrådrag for alle sjølvstendige bustaddelar fi faste eigedomar som ikkje vert nytta i næringsverksemd jfr. Eskl. §11, andre ledd.

§ 5. I 2025 skal skattegrunnlaget for bustader og fritidsbustader setjast verdet multiplisert med 0,7, jfr. Eskl. §8 A-2 (1)

§ 6. For eiendomsskatteåret 2026 vert det gjeve fritak for eigedomsskatt, jfr. Eksl §7, for følgjande eigedomar:

1. Eigedomar eigd av stiftingar og institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jfr. Eskl. § 7 bokstav a. Kva eigedomar dette gjeld går fram av vedlegg «Eigedomsskatt 2021 – eigedomar med fritak etter § 7a»

2. Bygningar som har historisk verdi vert fritekne for eigedomsskatt, jfr. Eksl § 7, bokstav b. Med bygning av historisk verdi vert meint bygningar som er automatisk freda eller freda i vedtak etter kulturminnelova.

§ 7. Kvam herad har valt følgjande nemnder for eiendomsskatt:

1. Sakkunnig nemnd for taksering av alle eigedomar. Nemnda har 5 medlemer og 5 varamedlemer.

2. Sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt, jfr. Eskl. §20. Nemnda har 5 medlemer og 5 varamedlemer

§ 8. Eigedomsskatten skal i 2026 betalast i 1, 2, 4, eller 12 terminar, jfr. Eskl. §25

§ 9. Takstvedtekter for eigedomsskatt, vedtekne av Kvam heradsstyre 10.12.2020, skal gjelda for skatteåret 2026.